



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

Referat Balestrand sokneråd

Møtedato:

11.03.21

Møtetid:

Kl. 19:30-21:30

Møtestad:

Kyrkjestova

Innkalla:

Kari Kvikne (leiar), Kjetil Netland (geistleg repr.), Anne Karin Solheim Sjøthun, Berit Støle, Jenny Kristin Menes, Laila Vang, Ole Eilifsen, Per Tusvik, Kristi Nygård, Helge Ulvestad, Jan Herland

Forfall:

Helge Ulvestad

Vara:

Saker:

15/21: Godkjenning av innkalling.

Ingen merknad.

16/21: Godkjenning av referat frå førre møte.

Ingen merknad.

17/21: Orienteringssaker:

Påskevandring 2021- Krossvandring/Via dolorosa.

Viser til sak på sist møte.

Ny informasjon om saka:

- Trykkeriet sender ut og fakturerer – fungerer godt.
- Ca 20 er bestilt, må ha 45 for å gå i pluss.
- Det vert laga katalog – samandrag over plakatane.
- Ein har garanti for at soknerådet ikkje går i underskot på dette
- Prosjektet kan evt rullast vidare av Bibelselskapet, dette ikkje avklara enno.
- Våre plakatar er no hengt opp på kyrkjegarden

Smittevern:

- Det er nye smittevernreglar gjeldande frå 27.02.95. **Jf Vedlegg.**

Torsdag den 04.03.21 kl 18:00 var det halde info-møte for tilsette og frivillige om dei nye smittevernreglane og nye rutinar.

Status for arbeid med rekneskapen:

- Samanslåing av kontoorar er på gang.
- Marta Kvikne tek rekneskapen ut året. Det må veljast kasserar for 2021.
- Rekneskapen 2020 er revidert.

Tekstlesarkurs 31.08.21:

- Det er plass til 12 personar i Sogndal.
- Det er meldt inn interesse frå Balestrand. I snitt er det berre plass til 2 frå kvart sokn viss alle sokn er representert.
- Ynskjeleg med fleire som kan reise.

Informasjon frå fellesråd.

- Det har ikkje vore møte i fellesrådet sidan sist sokneråd.

Det var ingen merknader til orienteringsakene.

18/21: Reserveplan for gudstenester etter nye coronaregler.

- Reserveplan inneholder 3 ulike nivå alt etter kva som er smittesituasjonen, sjå vedlegg.
- Kva med gudsteneste Fjordtun palmesøndag – (for lite lokale til tilstrekkeleg avstand)?
- Utandørs gudsteneste Saurdalens skjærtorsdag?
- Lesing ved St Olafs til sommaren?
- 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd påskeaftan 3. april. Korleis markere det?

Tilråding frå AU:

- Reserveplan: Ved plan B legg ein til grunn utegudstenester i samsvar med oppsett. Vurderast nærmere i forhold til utvikling med snø i Saurdalens. Gudsteneste i Esebotten knytast saman med ‘alternativ Esefjorden rundt’ – det ordinære løpet er avlyst. Nærare info i møte.
- Lesing i St Olafs: Plan at ein i alle fall har lesing fram til prestar frå Anglikanske kyrkja kjem. Drøftar med dei om ein deretter skal halde fram som eit samarbeid mellom Balestrand sokn og dei anglikanske prestane.
- Hans Nilssen Hauge markering: Kjetil undersøker om ein kan få foredragshaldarar lokalt. Viss ikkje kan ein prøve å få hit forfattar av HNH bok utgjeven i 2020. Kjetil kontaktar leiar i pensjonistlaget for evt samarbeid. Ønskjeleg med markering på Kvikne eller på Sygna.

Tilrådingane vart godkjende.

19/21: Prosedyre for kyrkjevertar - ivaretaking av smittevern til godkjenning.

Viser til vedlegg:

- prosedyre for nattverdsutdeling. Jf vedlegg.
- prosedyre for kyrkjevertar. Jf vedlegg.

Må her diskutere om ein skal legge ut salmebøker i benkene eller om ein skal dele ut.

Tilråding:

Prosedyrane vert vedtekne slik dei føreligg/med flg endring.

Tilrådinga vart vedteken.

20/21: Fasteaksjonen - digital eller fysisk

Info i AU:

- Smittevernlegen: kan gjennomførast så lenge vi IKKJE har smitte med mutert virus. Kan ikkje samle inn pengar pga smittefare, heller ikkje tilrådd å ha husbesøk. Tenker difor innsamling ved butikkane før påske.
- Innsamling må skje elektronisk med vipps.
- Det er veldig stort behov for støtte til kirkens nødhjelp og viktig at vi mobliserer for innsamling.
- Utfordrar alle i sokneråd, frivillige og tilsette til å vere med på alternativ innsamling på butikkane før påske.
- Ansvarlege for innsamlinga er Kjersti Brudvik og Laila Vang. Desse må sette seg inn i retn linene og legge fram utkast til retningslinjer for innsamlinga til soknerådet.

Ny info etter AU-møtet:

- Smittevernlegen har opna for innsamling av pengar dersom gjevar puttar setlar direkte i bøsse.
- Ein får erfaringsvis inn meir pengar ved hus til hus besøk enn ved ‘punktinnsamling’. Soknerådet må vurdere om ein likevel skal organisere hus til hus innsamling.

Soknerådet vedtok digital innsamling og medlemma vil delta med å dele informasjonen om aksjonen. Medlem som kan bidra med å stå på stand ved butikkane gir beskjed til Kjersti Brudvik. Medlem som har ideear til bidrag til aksjonen som kan auke oppslutningen gir beskjed til Kjersti Brudvik.

21/21: Gjennomføring eller utsetjing av kyrkjelydsweekend.

Kyrkjelydsweekend var tidfesta til første helg i september 2020, men vart utsett grunna coronasituasjonen. Ny dato i 2021 er den 3-5. september.

Det er motteke mail frå Lyngmo med spørsmål om weekenden vert gjennomført. Dei har fått førespurnad om konfirmasjon denne helga og ynskjer avklaring kring weekenden.

AU må ta stilling til kva ein gjer, men treng ikkje avklare heilt sikkert - kan ha lengre tid til å endeleg avklaring.

3-5. september er same helg som Balejazz. Dette vil involvere tal deltagarar på weekenden.

Framlegg frå AU:

- Forslag om skiweekend på Lyngmo over nyttår. Passande helg kan vere 11-13 februar som ikkje kolliderer med vinterferien.
- Grunna utsetting vektlegg vi misjonsseminar med Frode Sætre, (misjonær i Mali som no er heime) ila hausten.
- Dersom ein går for misjonssamling, er det ynskjeleg med samhandling mellom kyrkja, Sygna og bedehuset. Kjetil avklarar med Sygna. Dersom det er ei utfordring grunna smittefare å vere på Sygna, er det høve å vere på Kvikne. Bedehuset har venteleg for lite plass mtp smitteavstand.

Komite for Sokneturen tek saka videre. Kjetil netland har vore i kontakt med Sygna som er interessert i samarbeid rundt misjonsamling til hausten.

21/21: Årsmelding

Utkast til årsmelding er klar. **Jfr vedlegg.**

Det må takast stilling om ein ynskjer å avvikle av soknemøtet i kyrkja som har med større plass enn kyrkjestova. Alternativt vente til slakkare coronarestriksjonar, alternativt legge ut på nettsida til informasjon utan soknemøte.

Dersom det vert soknemøte, er det ønskeleg om heile soknerådet er til stades.

Tilråding frå AU:

- Årsmeldinga vedtakast i sokneråd 15 mars.
- Takast opp i soknemøte i samband med gudstenesta i Tjugum den 25. april.
- Informasjon: Årsmelding leggast ut på heimesida etter vedtak i soknerådet.
Varslast på FB, spørje Jostein om han kan sende SMS med info om årsmeldinga og handsaming i årsmøte.

Tilråding vart vedteken og me tek opp årsmelding på møtet 15.04.21. Me legg den då ut slik at ein kan få lest gjennom før oppsett soknemøte.

22/21: Avklaring om benker skal fjernast for å gi plass til leikeplass for små born.
Saka var teke opp i førre soknerådsmøte. Det skulle undersøkast med barnefamiliar kor vidt det framleis er behov for å fjerne benker. Vidare informasjon i møtet.

Soknerådet vedtok å vente med vidare handsaming av dette til coronatiltak er over, då me slik ståa er no treng alle benker.

23/21: Endring møteplan:

- SR møte 8. april endra til 15 kl 1930
- AU møte den 31. mars endra til 8. april kl 930

Nye datoar vart teke til etterretning.

24/21 Ymse:

Med venleg helsing

Kari Kvikne

-leiar-